

Slangerobot er vaktmeister i djupet

Slangeroboten Mamba er vaktmeisteren oljebransjen lenge har ønskt seg.

AV MAGNUS HOLM | PUBLISERT 8. FEB. 2017 | OPPDATERT 28. JAN. 2020

Bilde av slangeroboten som svømmer under vann, med en lampe i front.

Slangeroboten gjør reparasjonsarbeid under vann. Foto:NTNU/EELUME

Funn av olje på havbotnen har gjort Noreg til eit av dei rikaste landa i verda. Det trengst mykje utstyr for å hente opp oljen. Mykje av dette utstyret må liggje nede på havbotnen. På djupt vatn.

Må reparerast

Alt dette utstyret må kontrollerast ofte. Av og til må det reparerast. Ofte er det for farleg for menneske å dykke heilt ned til havbotnen. Men nokon må gjøre jobben. Kva med ein sjøorm?

Robotsjøorm

Forskarar ved NTNU og Sintef har jobba med slangerobotar i mange år. No har dei laga ein robotsjøorm.

Slangeroboten Mamba er vasstett, og kan svømme under vatn. Den lange, slanke kroppen gjer at han kan komme til på trонge stader, for eksempel mellom søyler og rør på havbotnen.

Med gripeklor

Målet er at slangerobotane skal jobbe som vaktmeistrar under vatn, for eksempel på oljefelt. Robotane kan bruke kamera til å kontrollere rør og anna utstyr. Dei skal også få gripeklor, slik at dei kan opne og lukke ventilar.

Alltid klare for oppdrag

Slangerobotane treng ikkje fjernstyring. Dei kan svømme omkring på eiga hand. Planen er at dei skal halde til under vatn heile tida. Slik vil dei alltid vere klare for oppdrag.

TEKNOLOGI ROBOTER

Meldinger ved utskriftstidspunkt 25. april 2025, kl. 15.52 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.